

## Høyringsinstsansar ihht liste

**Dykkar ref.:** **Vår ref.:** **Sakshandsamar:** **Dato:**  
2022/832 - 7911/2022 Ivar Eriksen 12.09.2022

## Høyring av Regional utviklingsplan 2023–2035 for Helse Vest RHF

Vi viser til brevet til kommunane 22. mai 2022, med orientering om revisjonen av den regionale utviklingsplanen for Helse Vest og høyringa som no er i gang.

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt dei regionale helseføretaka oppdraget med å utarbeide regionale utviklingsplanar innan utgangen av 2022. Helse Vest RHF inviterer med dette til å komme med innspel til utkastet til regional utviklingsplan.

Lenke til utviklingsplanen: [www.nestegenerasjonplan.no/ny-regional-utviklingsplan-2023-2035](http://www.nestegenerasjonplan.no/ny-regional-utviklingsplan-2023-2035)


### Fakta og bakgrunn

Alle regionale helseføretak og helseføretak som driv med pasientbehandling skal ha utviklingsplanar. Utviklingsplanane er ein del av dei regionale helseføretaka sitt samla planansvar, og må sjåast i samanheng med Nasjonal helse- og sjukehusplan.

Etter oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet, har dei fire regionale helseføretaka utarbeidd ein rettleiar som har lege til grunn for arbeidet med utviklingsplanane. Rettleiaren gir føringar for både prosessen og innhaldet, og har følgjande definisjon på kva ein utviklingsplan er:

*Ein utviklingsplan er ein plan for korleis eit helseføretak vil utvikle si verksemd for å møte framtidig behov for spesialisthelsetenester.*

Utviklingsplanen skal ikkje vere for omfattande, og blir derfor utfylt av meir detaljerte planar innanfor ei rekkje område. Utviklingsplanen kan gi føringar for utarbeidninga av slike fag- og funksjonsplanar, men òg ta opp i seg vegval av strategisk karakter i slike planar. Samanhengen mellom ulike føringar og planar er illustrert i figuren nedanfor.



Figur 1: Samanhengen mellom Helse 2035-strategien, utviklingsplanen og andre (utvalde) føringer og planar

## Innheld og struktur

Innhaldet i den nye utviklingsplanen er basert på Helse 2035-strategien og den gjeldande utviklingsplanen. Undersøkingar, innspel og tilbakemeldingar gjennom planarbeidet har vist at dei strategiske tema og innsatsområda i Helse 2035-strategien er minst like relevante i dag som då strategien blei vedtatt. Det same gjeld for utfordringsbiletet, som kanskje står fram som enda tydelegare. Samtidig har vi følgt tilnærminga om at utviklingsplanen berre skal ta føre seg områda som er omfatta av dei største endringane og som potensielt kan gi størst gevinst.

I forbindelse med den gjeldande utviklingsplanen har Helse Vest utarbeidd ein regional tiltaksplan. Ein revidert tiltaksplan blir lagt fram etter at utviklingsplanen som no er på høyring er vedtatt. Arbeidet med tiltaksplanen er planlagt ferdigstilt våren 2023.

Som ein del av arbeidet med utviklingsplanen for 2023–2035, har vi gjort ein overgang frå tradisjonelt A4-format til eit nytt digitalt format. Det digitale formatet er meint å gjere planen meir tilgjengeleg på fleire plattformar, og gjere det enklare å spisse bodskapen. Fleire av innhaldselementa blir òg gjort felles, på tvers av dei regionale planane. Samtidig er delar av datagrunnlaget dynamisk, og blir fortlaupande oppdatert.

## Prosess og gjennomføring

Den regionale utviklingsplanen som no er på høyring er utforma med utgangspunkt i Helse 2035-strategien, den gjeldande utviklingsplanen og dei nyleg vedtekne utviklingsplanane til dei lokale helseføretaka.

Prosessane som leia fram til Helse2035-strategien og den gjeldande utviklingsplanen for Helse Vest har vore omfattande og grundige, med brei involvering og forankring. I strategiprosessen blei over 500 personar involverte og fekk komme med innspel. I tillegg blei det gjennomført ei brei høyringsrunde. I sum kom det inn over 1600 innspel. Innspela har danna store delar av grunnlaget for den regionale strategien og utviklingsplanen.

Gjennom den pågående revideringa av den regionale utviklingsplanen har vi hatt kontakt med og fått innspel frå blant anna helseføretaka, helsefellesskapa, private aktørar, regionale fagmiljø og nasjonale aktørar. Gjennom ei eiga nettside har det vore mogleg å følgje arbeidet og gi innspel gjennom heile prosessen ([www.nestegenerasjonplan.no/aktuelt](http://www.nestegenerasjonplan.no/aktuelt)). Dei lokale helseføretaka har òg gjennomført omfattande prosesser med tanke på intern og ekstern forankring og involvering i arbeidet med dei lokale utviklingsplanane, inkludert høyringar.

## Innspel og vidare prosess

Vi ber høyringsinstansane særleg om innspel knytte til samhandling på tvers av faglege, organisatoriske og geografiske grenser, og korleis vi saman kan skape vår felles helseteneste. Vi ber òg særleg om innspel til korleis vi kan løyse utfordringane knytte til berekraft og aukande behov for helsetenester. Høyringssvara kan med fordel vere korte og presise i forma, og spissa inn mot dei viktigaste temaa for avsendaren.

De kan sende høyringssvara til [post@helse-vest.no](mailto:post@helse-vest.no) med «Høyringssvar til regional utviklingsplan» og namn i emnefeltet. Avleverte høyringssvar er som hovudregel offentlege, og kan bli publiserte på Helse Vest sine nettsider.

Høyringsfristen er sett til **måndag 24. oktober 2022**. Det er lagt opp til å handsame utviklingsplanen i føretaksstyret 7. desember 2022.

Vi ser fram til å høyre meir frå dykk i høyringsrunden.

Med helsing

Inger Cathrine Bryne  
administrerande direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*